

Arkiv:
JournalpostID: <jplD> 20/18048
Saksbehandlar:
Dato: 03.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
039/20	Alver formannskap	03.04.2020

Vedtak for å førebyggje og avgrense koronasmitte - justering Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Målet med vedtaket er å førebyggje og avgrense smitte, beskytte sårbare grupper og oppretthalde nødvendig kapasitet i kommunen sine helsetenester.

Arrangement og samankomstar

Ingen skal gjennomføre arrangement og samankomstar – inntil vidare. Dette gjeld både private og kommunale arrangørar.

Lag og organisasjonar og organisert aktivitet

Ein skal ikkje gjennomføre organisert aktivitet både innandørs og utandørs der personar fysisk møtest.

Kommunale bygg og aktivitetar

Kommunen stoppar utleige av alle kommunale bygg og eigedomar og stenger idrettshallar og svømmehallar.

Kommunen avlyser i tillegg alle arrangement, all aktivitet og opplæring i regi av kulturskulen og stenger dei kommunale ungdomsklubbane.

Besøk til sårbare grupper

Besøk til personar på institusjonar, bufellesskap, omsorgsbustader og andre institusjonar blir avgrensa til det som er heilt nødvendig. Alle som kjem på besøk skal følgje gjeldande besøks og hygienereglar på staden.

Økonomisk ansvar

Alver kommune tar ikkje økonomisk ansvar som kan følgje av tiltaka.

Vedtak etter smittevernlova

Vedtaket er heimla i smittevernlova § 1-5 og § 4-1 og gjeld frå og med 03. april 2020 til kommunen gjer nytt vedtak.

Alver formannskap 03.04.2020:

Behandling:

Framlegg A.Hetlebakke-KRF:

Stryk punkt om lag og organisasjonar og organisert aktivitet
Framlegget vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg M.I.Wergeland - SP

Alvorleg sjuke og døygande

Etter: "... avgrensa til det som er heilt nødvendig":

Alvorleg sjuke og døygande skal sikrast kontakt til pårørande der dette er ynskjeleg. Alle som kjem på besøk skal følgje gjeldande besøks- og hygienereglar på staden

Framlegget vart samrøystes vedteke

Rådmannen sitt framlegg med vedtekne endringar vart samrøystes vedteke.

Tillegg frå S.Sekkingstad-SP:

Formannskapet ber administrasjonen gjennomgå "vedtak for å førebyggje og avgrense koronasmitte", og vurdere heilskapen av vedtaket etter oppdaterte føringar frå nasjonale myndigheiter.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 039/20 Vedtak:

Målet med vedtaket er å førebyggje og avgrense smitte, beskytte sårbare grupper og oppretthalde nødvendig kapasitet i kommunen sine helsetenester.

Arrangement og samankomstar

Ingen skal gjennomføre arrangement og samankomstar – inntil vidare. Dette gjeld både private og kommunale arrangørar.

Kommunale bygg og aktivitetar

Kommunen stoppar utleige av alle kommunale bygg og eigedomar og stenger idrettshallar og svømmehallar.

Kommunen avlyser i tillegg alle arrangement, all aktivitet og opplæring i regi av kulturskulen og stenger dei kommunale ungdomsklubbane.

Besøk til sårbare grupper

Besøk til personar på institusjonar, bufellesskap, omsorgsbustader og andre institusjonar blir avgrensa til det som er heilt nødvendig. Alvorleg sjuke og døygande skal sikrast kontakt til pårørande der dette er ynskjeleg.

Alle som kjem på besøk skal følgje gjeldande besøks- og hygienereglar på staden

Økonomisk ansvar

Alver kommune tar ikkje økonomisk ansvar som kan følgje av tiltaka.

Vedtak etter smittevernlova

Vedtaket er heimla i smittevernlova § 1-5 og § 4-1 og gjeld frå og med 03. april 2020 til kommunen gjer nytt vedtak.

Formannskapet ber administrasjonen gjennomgå "vedtak for å førebyggje og avgrense koronasmitte", og vurdere heilskapen av vedtaket etter oppdaterte føringar frå nasjonale myndigheiter.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Formannskapet

Bakgrunn

Alver formannskap gjorde vedtak i møte den 12.03.2020, på sak 022/20 *Vedtak for å førebyggje og avgrense smitte*. Saka la ned lokal forskrift etter smittevernlova, med mål om å førebyggje og avgrense spreiding av koronasmitte, beskytte sårbare grupper og

oppretthalde naudsynt kapasitet i kommunen sine helsetenester.

Under punktet *Lag og organisasjonar* vart det i saka vedtatt at *Lag og organisasjonar skal ikkje gjennomføre faste treningar og andre faste aktivitetar.*

12.03.2020 trådde vidare nasjonal *Forskrift om smitteverntiltak mv. ved koronautbruddet (Covid-19-forskriften)* i kraft. Her er det vedtatt at følgjande er forbode:
...idrettsarrangementer og organisert idrettsaktivitet både innandørs og utandørs der personar fysisk møtast.

01.04.2020 kom det oppdaterte råd om tolkinga av den nasjonale forskrifta på dette punktet, som skapte behov for ei ny vurdering av den lokale forskrifta i Alver når det gjeld idrett. Nasjonalt vert det lagt opp til at så lenge ein følgjer dei ålmenne smittevernsføresegna og -råda, held ein meters avstand og berre opp til fem personar i kvar gruppe, kan organisert aktivitet i somme tilfelle finne stad. Utforminga av praktiske rammer for aktivitet skal vurderast av kvart nasjonale særforbund.

I rettleiinga til nasjonal forskrift, oppdatert 01.04.2020:

Forbudet innebærer at det som utgangspunkt ikke er adgang til å organisere idrettsaktivitet som innebærer at personer fysisk møtes og hvor nærkontakt er uunngåelig, og/eller hvor det vil være vanskelig å overholde krav om forsvarlig avstand til enhver tid under trening eller aktivitet. Dette må forstås ut fra et smittevernperspektiv.

Forbudet innebærer videre at lag og foreninger m.v. ikke skal arrangere for eksempel kamper, stevner eller turneringer som samler mange, eller som innebærer risiko for smittespredning på grunn av felles bruk av utstyr eller garderobes.

Forbudet gjelder både utendørs og innendørs aktiviteter.

Alle typer idrettsaktiviteter må gjøres på en måte som sikrer at Helsedirektoratets anbefalinger om samling av personer og samling i gruppe overholdes.

Det er en forutsetning for all aktivitet at generelle anbefalinger for forebygging av smitte kan overholdes.

Saksopplysningar:

Helsedirektoratet opnar i si vurdering, med tydelege atterhald, for gjennomføring av avgrensa organisert idrettsleg aktivitet.

Bakgrunnen for dette er mellom anna behovet for fysisk aktivitet, i ei tid med tiltak som har stengt etablerte aktivitetsarenaar. Vidare kan ein la noko organisert idrett starte opp att, om denne ikkje inneber fysisk kontakt eller felles berøringspunkt (td. ballar, klatretak, hjelmar).

Denne vurderinga er knytt til ordlyden *organisert idrettsaktivitet...der personar fysisk møtast*, og etablerer ein praksis i forståinga av føreseget.

I idrettsfeltet i Alver har denne vurderinga skapt forventingar til å kunne starte opp med noko aktivitet og tilpassa treningsverksemd. Det har vore dialog med Alver idrettsråd i høve dette.

Ordlyden i den lokale forskrifta frå 12. mars *...ikkje gjennomføre faste treningar og andre faste aktivitetar* gjer det krevjande å etablere ein praksis tilsvarende vurderinga av den nasjonale

forskrifta.

I ei tid med avgrensa høve for fysisk aktivitet og sosial kontakt, og der arenaane for barn og unge ikkje er opne, kan høva for å få trene og vere aktiv og sosial vere av betydeleg konsekvens for folkehelsa i Alver.

Det vert vurdert at ein bør justere den lokale forskrifta frå 12. mars på punktet som omhandlar lag- og organisasjonar til å følgje den nasjonale ordlyden, slik at ein lokalt kan følgje nasjonal praksis og dei rammene som vert tilrådd frå nasjonale særforbund i høve dei einskilde idrettane.

Ein opnar ikkje her opp for innandørs aktivitet. Ein ikkje kan oppretthalde og sikre omsyna til smittevern ved aktivitet i hallar og svømmebasseng. Justeringa er derfor knytt til utandørs organisert aktivitet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak er ei vidareføring av vedtaket frå 12. mars 2020, med endring av ordlyden under lag- og organisasjonar til *...skal ikkje gjennomføre organisert aktivitet både innandørs og utandørs der personar fysisk møtest.*